

Mal for tilstandsrapport 2015/16 vil følge prioriteringane i Styringsdokument 2013-2015. Det vil bli utarbeidd ein ny mal neste skuleår.

Namn på skulen: Os Gymnas

Tal elevar skuleåret 2015/16:

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått
Andel stryk og IV
Gjennomsnittleg fråvær
Andel sluttarar

1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

2014/15	92,1(86,4 registrert etter skuleslutt 2015)
2015/16	87,8

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

		Prosent stryk (ant.)	Prosent IV (ant.)
Termin 1	2014/15		
	2015/16		
Standpunkt	2014/15	4,98 (13)	7,52 (14)
	2015/16	4,27 (10)	3,85 (9)
Eksamen	2014/15	7,41 (14)	
	2015/16	7,36 (12]	

1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)

2014/15	timar	21,26
	dagar	13,4
2015/16	timar	19,08
	dagar	9,16

1.4 Andel sluttarar Avbrottsdato frå 1/10 (PULS)

2014/15	0,44 % (1) (2,2 % ved skuleslutt i 2015)
2015/16	1,30 % (3)

1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17

Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?

Tal på fullført og bestått aukar frå 86,4 til 87,8. Det meiner vi er bra. (Talet 92,1 som kjem fram i puls pr. 24.6 må vere inkludert dei som har bestått innan utgangen av året)

Tal på stryk viser at standpunkt har gått ned frå 4,98 % til 4,27 %.

IV har gått ned frå 5,36 til 3,85. Dette er ein relativt stor nedgang, som vi er nøgd med.

Fråværet er også redusert frå 13 dagar og 21 timar til 9 dagar og 19 timar.

Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?

Ressursteamet jobbar effektivt med å få redusert tal på sluttarar. I tillegg jobbar ressursteamet tett mot kontaktlærarane for å identifisere potensielle sluttarar.

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

Tal på sluttarar er 3. Ein har flytta tilbake til heimlandet, ein har flytta tilbake til Austevoll, så reelt sett har vi ein sluttar, og har difor ingen utfordringar her.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

Vi har eit godt system som fangar opp desse elevane, så dette har ingen store konsekvensar for vårt utviklingsarbeid.

2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16**2.1 Vurdering for læring**

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:

Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Elevane gir oss relativt dårlege tilbakemeldingar på eigenvurdering og undervegsvurdering i elevundersøkinga.

Vi har saman med elevane prøvd å analysere tala, og det viser seg at dersom det ikkje fungerer i eitt fag (av mange) så gir ein ei middels karakter. Dette gjer at ein får eit resultat som gir oss karakteren raud.

Elevane uttrykte også at nokre av spørsmåla i undersøkinga var vanskelege å forstå. Dei meiner at ein av årsakene til at ein scorar raudt, er at ein ikkje forstår omgrepa i undersøkinga.

Elevane meiner at tala er langt frå så dårlege som undersøkinga viser. Dei stilte seg uforståande til nokre av resultatata i undersøkinga.

2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»

Utfordringar:

Elevane er litt skeptiske til eigenvurdering. Det nyttast litt for ofte og det er arbeidskrevjande. Dette i forhold til utbytte ein får.

Dei er positive til undervegsvurdering og framovermeldingar. Slik sett er elevane sjølve overraska over at ein scorar raudt på dette. Skulen prioriterer å jobbe saman med elevane om undervegsvurdering og framovermeldingar. Både elevar og lærarar meiner at skulen stort sett gjer ein god jobb her. Det er nokre lærarar som ikkje gjer ein god nok jobb her ifølgje elevane. Dette er nok årsaken til at vi scorar dårleg i elevundersøkinga. Vi vil prioritere å få laga eit system der alle arbeider med dette på same måte i alle klassar.

2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Skulen har tydelege reglar i samband med bruk av IKT i klasserommet. Desse reglane er utarbeidd av elevar og lærarar saman. Dette for å hindre misbruk.

*IKT nyttast som hjelpemiddel for elevane i variert grad i alle fag. IKT nyttast som hjelpeverktøy i dei ulike faga. Døme på dette kan vere:
IKT i samband med framføringar, gruppearbeid, arbeidsverktøy i matematikk, digitale ordbøker, digital retting, etc.*

Informasjon og kommunikasjon med elevane skjer i stor grad via Its learning.

2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

Utfordringar:

Hindre misbruk ved bruk av kommunikasjonsverktøy. Ein må unngå at IKT blir ein distraksjon i undervisninga.

2.3 Klasseleiing

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.3.1 Vurdering av «klasseleiing»:

Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleiing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Elevar og lærarar har saman laga ei liste over kva som kjenneteiknar god klasseleiing. Elevundersøkinga viser at vi i hovudsak scorar positivt på dette. Ein scorar litt dårleg på elevdemokrati og medverknad. 3. klasse scorar også negativt på variert opplæring og felles reglar i klasserommet.

2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»

Utfordringar:

Skape felles bruk av klassereglane. Ordensreglane må også praktiserast likt i alle klassane.

Vi har også i følgje elevane eit problem med at nokre lærarar ikkje kjem tidsnok til timane. Dette skal vi forsøke å få på plass frå hausten av. Elevane uttrykker også at det er forstyrrende når andre elevar kjem for seint til timane.

3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med

3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket

Involvere elevane og lærarane i arbeid med skolens utviklingsplan i mykje større grad enn tidlegare.

3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

Tidlegare har ein jobba med dette i tida før planen skulle leverast inn (mai og juni) Då har det vore vanskelegare å få involvert elevar og lærarar i stor nok grad, ettersom dei då har vore opptekne med eksamen og avslutning av skuleåret.

No har ein jobba med denne sidan slutten av januar, og har såleis fått ein plan som er mykje meir forankra hos lærarar og elevar ved Os gymnas. Både elevar og lærarar har vore med å lage planen og dette vil sikre at alle får eit eigarforhold til planen.

3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Vi har hatt faste møte med lærarane i heile andre termin. Lærarane har arbeidd både i grupper og individuelt med planen. Så har vi hatt ein planleggingsdag i mai der vi «sydde alt saman» til ein felles plan. Elevane har jobba parallelt og deira synspunkt har blitt varetatt gjennom elevinspektør.

3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

Vi forventar at lærarane og elevane får eit større eigarforhold til planen. Det er viktig at han ikkje blir eit statisk dokument, men at ein nyttar dokumentet i ein dynamisk prosess.

3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

Ja, vi kjem til å lage utviklingsplanen for neste år over same lest. Vi kjem til evaluere årets plan i forhold til det arbeidet som er gjort i forkant, for om mogleg å endre prosessen dersom det viser seg å vere naudsynt.

4 Prosess knytt til tilstandsvurdering**4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?**

Vi har hatt møte gjennom året med lærarar og elevar der vi har sett på status i forhold til utviklingsplanen.

Vi har og gått gjennom elevundersøkinga og gjort tiltak der det har vore naudsynt.

4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Se punkt overfor. Vi har og hatt dette som sak i drøftingsmøta.

4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Vi har som sagt hatt jamlege møte med det pedagogiske personalet der dette har vore på agendaen. Dei har sjølve vore med på å utvikle tiltakspunkt i forhold til utviklingsplanen, for å sikre at ein føler eit eigarforhold til planen.

4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Har hatt jamlege møte med elevråd og elevrådsstyret for å sikre at elevanes syn blir varetatt. Elevane har hatt gode innspel som har vore med på å kvalitetssikre den endelige planen.

4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Ofte vanskeleg å finne tilstrekkeleg tid til å diskutere moglege tiltak og evaluering av tiltak som er sett i verk.

5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare**5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?**

Vi har skrive ein del om dette tidlegare i rapporten. Vi har jobba med dette i team sidan januar, og har hatt eit større møte i mai (planleggingsdag) der vi har sydd dette saman til eit endeleg dokument. Dette føler vi har vore ein god prosess, og vi tenker å nytte same arbeidsform neste skuleår.